

Over 200 på flott 100års-feiring.

20.05.2017



Ein stor del av gjestene på 100årsfesten.(Foto: Svein A. Sunde)

**Det var folkevandring til Mannsvatnet for å delta på ungdomslagshytta Fjelly sin 100 årsfest. Ein som prøvde å telja gjestene, gav opp då han kom til 100, for då var han langt frå halvveis. Gjestene kosa seg rundt på heile område ved hytta, og vertskapet hadde gjort alt for at gjestene skulle kosa seg.**



Kaker og bakverk i lange banar.

Programmet starta alt kl.9.30 med familietur der det var lagt inn postar med kjekke motivasjonsoppgåver opp Pålavegen. Ein av turleiarane, Gørrill Samland Eik, sa at dei var spent på responsen på førehand. Derfor vart dei svært glade då dei vart møtt av 60 deltakarar nede ved grinda kl.9.30.

Etter kvart som gjestene seig på ved Fjelly, vart det servert god betasuppe med rundstykke til. Kaker, bollar, anna godt bakverk,saft og kaffi var det i rikeleg monn. Vi kan trygt sei at borda bugna av godsaker, og folk kosa seg frå første stund. Medan ein nytte dette, kunne ein også nytta straumen av gjester som kom ned lia på Hauglandsida.

Programmet opna med song og musikk. Lina Håland og Geir Jakobsen framførte 3 songar. Dei opna med Vamp sin herlege Liten Fuggel, forsette med Bob Dylan på norsk før dei avslutta med gospel, People get ready. Eg trur aldri det har vore sunge så sterkt og flott her ved Mannsvatnet før, hørde eg frå ein av publikum. Ja, det var verkeleg flott!



Kristian Bringedal i skriftnemnda overrekte jubileumsboka til hyttestyret ved Janne Yri og Anette Sund.

Etter dette tok Kristian Bringedal oss med på ei kortfatta, men interessant reise gjennom kva dei gamle hyttebøkene fortel. Innleiingsvis i denne bolken vart den nye fotoboka som er laga i samband med 100 årsjubileet overrekt til hyttestyret.

Jimmy Øvredal var neste post på programmet. Han hadde publikum i si hule hand. Han tar gjerne utgangspunkt i artige historiar og overfører dei til rim. Ofte har han både litt overraskande og spennig slutt på dikta sine. Han hadde ei svært kjekk avdeling, og eg trur både han og publikum gledde seg til han skulle koma tilbake med meir utetter kvelden.

Uskedal musikklag avslutta den offesielle delen av denne programbolken. Sjølv om det var litt myrlendt der dei sat, har dei aldri opplevt ein så fantastisk scene med slike vakre kulisser. Grieghallen og andre konsertsalar dei har besøkt tidlegare, vert småttri i forhold til dette!

Ein del kanoar var også til rådvelde for gjestene på Mannsvatnet. Dette sette særleg den yngre garde pris på, og desse var i bruk heile tida.

Så langt har feiringa av 100 årsjubilanten vore eit blinkskot! Veret var også heilt perfekt med overskya og grei temperatur. Det fortente også arrangørane som har gjort ein super jobb. Vi bøyer oss i støvet!!!



Jimmy Øvredal er ein kåsør og rimsmed med både kvalitet og humor!

Feiringa held fram utover, og kl.18 vert det rømmegraut med spekemat og kos rundt bålet. Og så reknar eg med at innslaga, med ein solid dose mimring, kjem av seg sjølv.

Uskedalen.no har hatt fleire fotografar i sving og vil uti veka koma med ein biletserie som dekkar arrangementet på ein fin måte.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Svein A. Sunde/Thor Inge Døssland